

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Att.: Ingrid Husom

Vår referanse
14/4343-12/CECFLO
Oppgis ved henvendelse

Deres referanse
14/2907

Arkiv
410

Dato
23.07.2014

Svar på høyring: Endring av forskrifter om eigendel og refusjon for vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad

Vi viser til utsendt høyringsnotat om endring av *forskrift om godtgjørelse av utgifter til helsehjelp som utføres poliklinisk ved statlige helseinstitusjoner og ved helseinstitusjoner som mottar driftstilskudd fra regionale helseforetak (FOR-2007-12-19-1761)*, og *forskrift om egenandelstak 1 (FOR-1997-4-18-334)*.

Både Helse Nord-Trøndelag, Helse Møre og Romsdal og St. Olavs Hospital HF slutter seg til den foreslegne presiseringa av regelverket, slik at det nå ikkje skal vere til å misforstå, verken kva angår kva for yrkesgrupper som kan avkreve eigenandel for si teneste eller kva for instansar som kan vise til spesialisthelsetjenesta.

Det er skremmande at ei tilfeldig endring i tolking av nåverande regelverk kan effektuerast utan noko form for varsel, og til stor belastning for både pasientar og tilsette i helsevesenet. Vi er innforstått med at høyringa ikkje tek opp i seg kva for saksgang dette har vore. Men denne hendinga avdekkjer at det er manglande kompetanse om korleis tenestetilbodet er organisert for ei stor pasientgruppe, samt kva for betydelege endringar deira (HELFO) regeltolking hadde for ei stor gruppe pasientar.

Det er vore mykje fokus på dei betydelege økonomiske konsekvensane regeltolkinga fekk. Dette lar vi i denne omgang liggje. Men endringa førte også til at ei stor gruppe sårbare pasientar (både inne rus og psykiatri) ikkje fekk påført eigendeler på frikort, eller enda fekk «trussel» om at dei ville bli kravd for eigedeler sjølv om dei hadde oppnådd frikort. Svært mange av våre pasientar har ei økonomisk pressa situasjon. Forverring av økonomien fører til forverring av deira grunnliding. I tillegg får pasientane sjølvstekt svekka tillit til det offentlege systemet i si ålmenning, og til sine «ikkje-godkjende» behandlarar i særskild. Dette er kritikkverdig. I tillegg fekk ei stor gruppe tilsette, som yter gode helsetenester til sine pasientar kvar dag, i realiteten devaluert si kompetanse.

Ut frå ovannemnde går vi ut frå at det blir iverksett relevante tiltak innan HELFO, og evt. også i andre helseforvaltningsorgan, for å hindre at slike hendingar skjer på nytt.

Vi samstundes høvet til å kommentere at Helse og omsorgsdepartementet i denne saka nyttar svært konservativ nynorsk. Vi hadde vi sett det som ei føremon at bruken av nynorsk i forskrifta var meir i samsvar med dagens levande språk.

Med vennleg helsing

Randolf Vågen
Fung. Divisjonssjef
Divisjon Psykisk helsevern

Cecilie Flottorp
Rådgjevar

Kopi til:
Helse Midt-Norge RHF
Helse Nord-Trøndelag HF, v/ Klinikkleder Kathinka Meirik
Helse Møre og Romsdal HF, v/ Klinikksjef Ketil Gaupset